



Tryggheimhelsing



40 år på
Tryggheim!
s. 4



Jubilantar
s. 8-9



Lagarbeid
s. 10-11



Smart læring

s. 7

Rektor har ordet



Gjermund Viste

Antisemittisme. Holocaust. Alfred Nobel.

September er tid for skuleturar med strek under skule! For desse turane er verkeleg læring på mange plan. Det vart lærerike, opplevingsrike og uforgløymelege skuleturar til Tyskland/Polen/Tsjekia og til Israel. Etter turane kjem sentrale spørsmål frå elevane: Kvifor? Kva hadde jødane gjort gale? Vart 6 millionar menneske drepne berre fordi dei var jødar?

Tematurer

Skuleturane til Tyskland/Polen/Tsjekia og Israel har hatt tema antisemittisme, holocaust, konsentrasjonsleirar, menneskeverd, Israel og i Jesu fotspor. Flotte og sterke turar! Det er utruleg kva Hitler fekk folket med på under 2. verdskrig. Eit heilt folkeslag vart systematisk krenka og forsøkt utrydda. 6 millionar vart drepne. Av desse var det 1,5 mill. born under 15 år. I Jerusalem er det eit eige minnesmerke for desse ved Yad Vashem, kor namn, nasjonalitet og alder blir lese opp. Det tek fleire år å kome gjennom. Men kvart enkelt barn hadde eit namn, ein identitet. Det var ei krenkande hending utan sidestykke i historia. Dette var grunna i løgn, antisemittisme og ein ideologi om at jødane var ein eigen rase, ein parasitt som burde utryddast. Folk var blinde for det som skjedde.

Historia må ikkje gløymast

Vi har blitt minna om kor avgjerrande det er å kjenne historia, at vi kunne lære, at det aldri måtte skje igjen! Kva hadde jødane gjort gale? Ingenting – dei var berre jødar. Holocaust var den viktigaste grunnen til at FN i 1947 gjekk inn for ein eigen jødisk stat innerst i Middelhavet. Så frå 1948 har vi der hatt eit levande demokrati – midt blant statar kor det mildt sagt er dårlege kår for

yttringsfridom, religionsfridom og respekt for menneskerettane.

Nobel, forskning, kunnskap og arbeid

Alfred Nobel-prisen har blitt delt ut kvart år sidan 1901. Fem prisar innan fysikk, kjemi, medisin, litteratur og fredsarbeid. Prisen er mest heider og ære, men også ca. 10 mill. kr!

Jødane tel ca. 14 mill. på verdsbasis (dei fleste i Israel og USA). Dei har faktisk fått 134 nobelprisar! Over 20 % av prisane! Ingen andre land eller folkeslag er i nærleiken av dette.

Arabarane tel f.eks. ca. 1,5 mrd. Dei har berre fått 6-7 nobelprisar. Men arabarane er altså ikkje åleine.

Kvifor har jødane så mange nobel-prisar? Ein av grunnane er det generelle som også gjeld i Noreg. Fylkesdirektør i NAV uttalte til avisene nå i haust; "Jeg vil påstå at Rogaland har verdens beste arbeidsmarked: Men de fleste jobbene krever utdanning, enten i form av fagbrev eller annen høyere utdanning." Dette har også jødane forstått. Få satsar så mykje på forskning og utdanning som Israel.

Dei har i tillegg så langt eg har forstått (gjennom førellesningar av professor Kari Smith, UiB) i større grad ei kritisk tilnærming til kunnskap. Deira skule aksepterer

ikkje eit svar utan forståing. Av og til er vi freista til å tenke: Eg forstår ikkje dette, men eg får pugge og lære utanåt... Men då slit vi i neste sving! Forståing er viktigare enn kunnskapen i seg sjølv. Lærar skal difor ikkje ha mest fokus på å formidle kunnskap. Han skal hjelpe elevane til forståing. Tenk difor over korleis du lærer. Spør kvifor og jag etter forståing. Det er ein annan ting som kanskje også kan forklare 134 nobel-prisar. Spoler vi 70-80 år tilbake i tid her i Europa, så hadde ikkje jødar lov til å eige fast eigedom. Kvifor? Kva hadde jødane gjort galt? Ingenting – dei var berre jødar. Men også av denne grunn vart det sagt til dei unge jødane i Europa: "Sats på kunnskap – dei som har imot dykk kan ta frå dykk mykje, men kunnskapen, den kan dei ikkje ta frå dykk."

Noreg går vel fri? Grunnlova 200 år

Vi i Noreg har vel ikkje vore med på dette? Vi lever jo i ein fornuftig og sivilisert del av verda! Vi markerer i år grunnlova som er 200 år, men det er dessverre ikkje alt vi har grunn til å feire og glede oss over. Siste setning i den såkalla jødeparagrafen lydde slik: «Jøder ere fremdeles udelukkede fra Adgang til Riget». Heldigvis gjorde Henrik Wergeland ein heiderleg innsats for å få denne vekk frå grunnlova i 1851.

Guds utveljing og frelsesplan


Gud utvalde eit folk for å gjennomføre sin frelsesplan. Gud ville nå ut til alle folkeslag med si frelse. "Og i deg skal alle ætter på jorda velsignast," 1. Mos 12,3. Kvifor utvalde Gud Israelsfolket? Var det fordi dei var størst og best? 5. Mos 7,6-8a gjev svar: "Deg har Herren din Gud valt ut mellom alle folk på jorda til å vera eigedomsfolket hans. Ikkje fordi de var større enn alle andre folk, synte Herren godhug for dykk så han valde dykk ut. For de er det minste av alle folka. Men fordi Herren elska dykk, ..." Israelsfolket var det minste av alle folk. Dei var det folket som minst fortente dette. Isak fekk tvillingane Esau og Jakob. Esau var den eldste – det var han som fortente å føre velsigninga og arven vidare. Men den yngste Jakob blei utvalt. Han som minst fortente det, han blei utvalt. Det er evangeliet, midt i Israels historie. "I dette er kjærleiken, ikkje at vi har elska Gud, men at han har elska oss og sendt sin Son til soning for syndene våre," 1. Joh 4,10.

Det er evangeliet også for oss, ikkje at du og eg har elska eller gjort oss fortent til noko ros – men at Han har elska!

Felleskap med Jesus



Vegard Ask



For et år siden spurte Statistisk Sentralbyrå (SSB) et utvalg av ungdommer mellom 16 og 19 år hva de brukte tida si til. Svarene fra ungdommene var stort sett som forventet. En del tid gikk med til både skole, husarbeid og ulike fritidsaktiviteter. På samme tid svarte hele seks av ti at de følte de hadde for mye å gjøre. Etterpå fikk et utvalg med 35- til 44-åringer det samme spørsmålet. Her svarte hele 75 prosent det samme; de følte at tida ikke strakk til til alt som skulle gjøres i hverdagen.

Bakgrunnen for SSBs undersøkelse om bruk av tid var det faktum at vi i Norge

har fått mer og mer fritid til egen rådighet de siste tiårene. Er det ikke da underlig at så mange likevel opplever at tida ikke strekker til? Jeg skal ikke spekulere over årsaken bak svarene i undersøkelsen, men jeg kan trygt si at jeg kjenner meg godt igjen i svarene fra dem som ble spurt. Det er så mye jeg skulle ha gjort i hverdagen på så altfor kort tid.

Av og til tar jeg meg selv i å spørre: hvor blir Jesus av oppi alle hverdagslige plikter og sysler? I 1. Kor 1,9 kan vi lese at vi er kalt til felleskap med Guds Sønn. Dessverre tror jeg vi av og til glemmer at et felleskap krever innsats og forpliktelse

fra begge parter. Vi kan være sikre på at Jesus alltid stiller opp for fellesskapet vårt med ham, men kan vi si at vi alltid gjør det samme selv?

Den kjente forfatteren J.R.R. Tolkien sa en gang: «Det eneste du må bestemme deg for, er hva du vil gjøre med den tiden du har fått». Jeg tror ikke noen vil påstå at jobb, husarbeid, lekser, fritidsaktiviteter eller samvær med venner og familie ikke er viktig for å trives og ha det godt. Faren oppstår idet vi blir så opptatt av disse tingene at vi glemmer bibellesningen, bønner og menighetslivet.

I Matt. 1, 16-18 kan vi lese følgende: «En gang han gikk langs Galileasjøen, fikk han se Simon og Andreas, bror til Simon. De holdt på å kaste not i sjøen, for de var fiskere. Jesus sa til dem: «Kom og følg meg, så vil jeg gjøre dere til menneskefiskere!» Straks lot de garnene ligge og fulgte ham». Simon og Andreas lot altså sine verdslige forpliktelser ligge til fordel for Jesus. Når han kalte på dem var ingenting annet viktigere.

Fellesskapet med Jesus er ikke ment å skulle være en stressende forpliktelse. Fellesskapet med Jesus skal være noe som gir oss fornyelse, inspirasjon, mot og energi. Kanskje løsningen på vår hektiske hverdag nettopp ligger i den tryggheten og roen vi finner i Jesus?

Elevstemnet 2014

Helga 8. – 10. august var det elevstemne på Tryggheim. 50- og 60-årsjubilarane fekk ei langhelg frå fredag til søndag, den yngre garde måtte nøya seg med å koma til kaffi laurdag ettermiddag og reisa heim søndag. Denne gongen var gruppa med 50-årsjubilarantar stor. I år var det fyrste gong vi hadde 30-årsjubilarantar etter at Tryggheim vart ein vidaregåande skule.

Programmet gjekk etter god, gammal oppskrift, med både felles program og samling i jubilarantgrupper. Mange interes-

serte blir med på omvisning på skuleområdet, men eit høgdepunkt for mange er festen og gruppesamlinga laurdagskvelden. I år var 40-årsjubilarant Anders Lindefeld talar.

I år var det siste gongen vi hadde elevstemnet helga før skulestart. I 2015 vert elevstemnet arrangert helga rett etter at skulen er slutt, den 19. og 20. juni. På nettsida til skulen vil det bli lagt ut program når stemnet nærmar seg. Du som snart er jubilarant, må få med deg denne samlinga. Sjå bilete av jubilarantane på s. 8-9.

Torleiv Haus

40 år på Tryggheim!

Aud Bodil Voll er den i personalet på Tryggheim som har vært her aller lengst. Hun ble ansatt som «Kontordame» i oktober 1974, og har dermed 40-årsjubileum i disse dager.

■ Av Anne-Berit G. Aanestad

Aud Bodil er oppvokst i Nedstrand i Tysvær kommune. Som 18-åring kom hun til Jæren for å gå et år på Tryggheim folkehøyskole skoleåret 1966-67. Siden da har hun blitt boende på Jæren. Etter folkehøyskoleåret arbeidet hun som sekretær, først i et privat firma på Bryne, og så i Teknisk etat i Time kommune. Siden ble det altså Tryggheim. Her har hun arbeidet i to skoleslag under flere forskjellige stillingsbetegnelser og til sammen åtte rektorer.

I dag er stillingen hennes «Regnskapsfører», med regnskap og lønn som hovedoppgave. Men hun kan forsikre om at det blir mye annet i tillegg likevel. Tryggheim har i dag 135 personer på lønnslisten, 25 av disse arbeider i ungdomsskolen. Da Tryggheim ungdomsskole startet i 2005, ble den lagt inn under regnskapet til videregående skole, og dermed ble det ennå litt mer å gjøre for regnskapsføreren.

Mange og varierte oppgaver

I løpet av de 40 årene hun har vært på Tryggheim har Aud Bodil hatt ansvar for svært mange av de oppgavene som skal utføres på en internatskole.

- Jeg var eneste sekretær helt til 1988 da vi ble to. Inntil da hadde jeg ansvar for absolutt



I 2004 fikk Aud Bodil Norges vels medalje, utdelt av daværende ordfører i Hå, Terje Mjåtveit.



Aud Bodil har i dag et lyst og trivelig kontor innerst i gangen bak resepsjonen.

alt kontorarbeid - bokføringen, lønnsutbetalinger, stipend til elever, opptak av elever både til skole og internat, resepsjonen med sentralbordet, post og ellers alt forefallende kontorarbeid. I tillegg hadde jeg tilsyn. Og for dagens ansatte som kan synes det blir mye med opptil to tilsyn i måneden, kan det være greit å merke seg at alt slett ikke var bedre før.

- Vi hadde tilsyn en halv uke om gangen, enten fra mandag til torsdag, eller fra fredag til søndag. Det var slitsomt! Det var først en stund ut i videregående det ble de redusert til to dager om gangen og så til slutt én dag.

Et par meter å gå til jobb

Da Aud Bodil ble ansatt var det boplikt på skolen for alle i personalet.

- Jeg bodde tvers over gangen for kontoret mitt! Jeg hadde leilighet i 2. etasje i administrasjonsbygget. Der det nå er kopirom og et lite arbeidsrom for tre lærere hadde jeg soverom, toalett og en liten stue med tekjøkken. Jeg hadde i alle fall kort vei, sier Aud Bodil med en liten latter, og kan fortelle at det var både fordeler og ulemper med å bo på skolen.

- Det ble lite privatliv, men det var liksom bare sånn det var, ingen tenkte noe større over det.

I 1984 kjøpte hun hus med hage på Nærbø, og bodde der i 28 år. For to år siden kjøpte hun leilighet - for å slippe den store hagen.

Store omstillinger

Det har skjedd mye på 40 år, både på Tryggheim og i samfunnet ellers, men Aud Bodil har alltid klart å omstille seg.

- Den største forandringen kom vel med innføringen av data. I folkehøyskoletiden og en stund etter at det ble videregående ble alt

bokført for hånd. Vi hadde f.eks. noen svære regnskapsbøker som dekket nesten hele skrivebordet der jeg skrev inn tall i kolonner bortover sidene. All korrespondanse, som f.eks. svarbrev til elevene, ble skrevet på skrivemaskin og kopiert opp, og så ble alle adresser skrevet for hånd. Jeg husker godt da jeg fikk en ny IBM-skrivemaskin med kulehode og rettetast. Det var en stor fremgang! Data begynte vi så smått med fra midten av 80-tallet. Da ble hele regnskapet overført til data. Det var en stor omstilling - jeg hadde jo aldri trykket på en datamaskin før!

Overgangen fra folkehøyskole til videregående var også krevende kan Aud Bodil fortelle. De fleste som var ansatt i folkehøyskolen sluttet, enten fordi de likevel snart skulle gå av med pensjon, eller fordi de ikke hadde fag som trengtes i videregående. Bare Aud Bodil og tre andre ble med videre.

- Med omleggingen til videregående kom det mange flere både ansatte og elever, og dermed økte oppgavene mine betraktelig. Men heldigvis slapp jeg nå ansvaret for stipend og lån. Det ble den nye rådgiverens oppgave. Etter hvert ble også opptaket av elever overtatt av andre.

Lønn i pose

Aud Bodil har alltid hatt ansvaret for lønnsutbetalingene, og kan fortelle at også det er adskillig enklere nå enn i folkehøyskoletiden. Den gangen fikk de ansatte lønnen utbetalt i kontanter, og hun måtte gå i banken og få ut riktig antall sedler og mynter til hver enkelt lønnsuttager.

- Det var et styr! Pengene måtte telles nøye opp for hånd og legges i lønnsposer, og alt måtte stemme. Jeg var veldig nøye, og tror aldri det ble feil. Etter hvert var det noen

som ble mer moderne og skaffet seg bankkonto som jeg kunne sette lønnen deres direkte inn på, men flere insisterte fortsatt på å få kontanter. Da det ble videregående ble det heldigvis slutt på lønningsposene og jeg kunne overføre all lønn til de ansattes lønnskontoer.

Møtene

Aud Bodil har gått mye på møter på Tryggheim. Det har vært møter hver torsdag og søndag så lenge hun kan huske, i tillegg til møteuker. I flere år hadde hun ansvar for å finne talere, og hun var med i møtegruppen som hadde ansvar for møtene.

- Jeg har prioritert møtene på Tryggheim fremfor bedehuset, forteller hun.

Hun kan også fortelle at det var litt flere fester på Tryggheim i folkehøyskoletiden enn det er nå.

- Vi hadde bl.a. noe som ble kalt «Huslydfest» høst og vår. Der deltok alle, både elever og personale, og foreldre og andre fra bygda kom. Det var en åpen fest for alle som ville komme, og elevene måtte være her den lørdagen.

Vi hadde basar den gangen også. Den varte i fire dager, og ikke bare i to som nå.

Trivelig men travel arbeidsplass

Aud Bodil er klar på at det beste ved å være ansatt på Tryggheim er at det er en kristen arbeidsplass, med kristne kolleger og et kristent fellesskap.

- Har du noen gang tenkt på å slutte?

- Ja, i overgangen fra folkehøyskole til videregående ville jeg slutte, men nyansatt rektor Josef Tunland ba meg om å fortsette. Jeg sa ja, men hadde ikke tenkt å bli her så mange år ... Likevel ble det sånn. Det er en trivelig arbeidsplass, og jeg har ikke angret. Men det har vært en travel arbeidsplass, legger hun til.

- I 2008 ble det ansatt ny økonomileder. Han overtok hovedansvaret for økonomien, og jeg kunne senke skuldrene. Det var veldig godt.

Aud Bodil har hatt full stilling hele tiden, og i perioder har det nok blitt minst 100 %. I 2004 fikk hun Norges vels medalje etter 30 års arbeidsinnsats på Tryggheim.

- Når du ser tilbake, er det noen hendelser som har gjort spesielt inntrykk på deg?

- Det må være personaturen til Israel nå i vår. Det var en flott opplevelse. Det å få være med kolleger til Israel på tampen av min arbeidskarriere var helt fantastisk!

- Hva vil du bruke pensjonisttiden til?

- Da skal jeg bare slappe av, forsikrer Aud Bodil. Når jeg går av med pensjon 1. februar, har jeg vært yrkesaktiv i nesten 50 år, så da skal jeg ta det med ro.

- Kommer du til å savne Tryggheim?

- Ja, det blir nok litt rart til å begynne med vil jeg tro, jeg har tross alt vært her i 40 år!

Aud Bodil vil gjerne avslutte med et bibelord som har betydning mye for henne, nemlig Ef. 2,8: «For av nåde er dere frelst, ved tro. Det er ikke deres eget verk, men Guds gave.»

- Det har jeg alltid syntes har vært så fint. Frelsen er en gave vi kan få ta imot.

Ambisjon og motivasjon

Gir ordet **ambisjon** deg assosiasjoner til karrierejag, spisse albuer og egoisme? Vel, ambisjoner har vel aldri tilhørt kjerneporteføljen av kristelige uttrykk. I enkelte kretser kan du trolig pådra deg flakkende blikk og raske temaskifter hvis du uforvarende skulle komme til å blottlegge at du har personlige ambisjoner. I andre kretser kan det være en minimumsforventning til et voksent menneske som vil leve et verdig liv, at man har satt seg mål for hva man vil oppnå.

■ Av: Knut Handeland

Tryggheimhelsing har tatt en prat om temaet med lektor Svein Bertil Dybesland. Han tar ikke på seg «Vend-om-du-jord-bundne-trell-blikket» når emnet ambisjoner klaskes på temadisken, han har markert seg internt med å løfte fram temaet både i egne klasser og blant kollegaer.

- Er det noe jeg er glad i å snakke med elevene om, så er det bevisste valg. Vi har mange faglig flinke elever, ikke minst på studiespesialisering og blant påbyggelever hvor jeg har mitt daglige virke. Da er det også naturlig å utfordre dem, og spesielt jentene til å tenke hvilke ambisjoner de har her i livet. Ydmykhet i passe porsjon er et godt karaktertrekk, men hvorfor skal det ikke «være lov» å si at en vil bli en del av konsernledelsen i Statoil? En må tørre å tenke tanken, det er den ene siden av saken. Det er ikke galt å aspirere for stillinger og posisjoner med mye makt og mye ansvar. Å ha personlige ambisjoner er ikke det samme som å ha et ønske om å berike seg selv. Noen skulle fått hjelp til å skape ambisjoner som var mer i tråd med de talentene de er utrustet med. Det er nok mer overens med kristen tenkning enn en ydmykhet som reproducerer sosial ulikhet etter idealer fra stendersamfunnet, å la «skomaker, bli ved din lest».

- Som skole hviler det et ansvar på oss for å vekke ambisjoner for yrkesliv og samfunnsdeltakelse, og som kristen skole er det et kall både å peke på og utruste for kulturoppdraget.

- Hva gjør du konkret?

- Jeg anbefaler at elevene bruker tid på å snakke med venner, foreldre, kontaktlærere og rådgivere, at de blir bevisste på egne ønsker for liv og yrkesvalg. Og så understreker jeg at det ikke er noe nederlag å endre kurs.



Svein Bertil Dybesland

- Jeg vil unngå tilfeldigheter og ubevisste valg. Yrkesvalg og valg av ektefelle er for viktig til å overlates til tilfeldigheter. Spesielt ektefelle, for det er et valg for livet. Yrke kan man skifte.

- Ting blir bedre om man har noe som ligner en plan, enn om man ikke har noe. Det er ikke noen motsetning mellom å sette seg mål for livet og sannheten om at «Gud har en plan med mitt liv» - det ene utelukker ikke det andre. Noen elever jeg kjenner har lagt en plan langt fram i livet med veldig konkrete mål underveis, mens andre sier at de ikke har peiling på hva de vil gjøre neste år. Det alle har til felles er ønsket om å bli klokere og reflektere rundt sentrale valg i livet. Det rommet må vi som skole være med å fylle.

Han er overbevisst om at det fins en sammenheng mellom ambisjoner og motivasjon for skolearbeid.

- Det er lettere for elevene å la seg motivere for de nære oppgavene når de har et konkret mål lenger fremme, enn hvis langtidspanen mangler helt. Slik sett er det trolig lettere å gjøre det godt i det korte bildet hvis man setter seg mål og har ambisjoner.

- De skal ikke se seg tilbake hverken på slutten av året, midt i livet eller på slutten av livet og si: «Det ble bare sånn»

Åleine i teten



I sommar var ungdomsskuleeleven Lars Figved einaste norske deltakar i VM i speedway – uansett aldersgruppe.

For 35 år sidan var speedway ein stor sport i Noreg, og det vart mellom anna køyrt speedwayløp med mange tilskodarar i Loen på Nærbo. I dag er situasjonen ein litt annan. Berre kring 150 personar har lisens i Noreg, som vil seie at dei har løyve til å trene eller delta i konkurransar. Det er berre åtte skikkelege speedwaybanar her i landet, og det er få tilskodarar på dei arrangementa som er.

Kanskje litt dumt?

Speedway er ein motorsykkelsport med ein spesiell svingteknikk, der førarane set

venstre fot i bakken og legg sykkelen skrått innover og let bakhjulet spinne med full kraft gjennom svingen for så å skyte fart ut på langsida. Lars har vore aktiv i sporten i kring to år, men er altså nokså åleine om å satse skikkeleg på det.

- Det var kanskje litt dumt å begynne med akkurat speedway. Det er vanskeleg i Norge når ein er så åleine, og ein får ikkje delta i løp som betyr noko før ein er 13 år. Dersom du vil bli god, må du reise til utlandet, seier Lars.

Til Danmark støtt og stadig

Difor tek han ferja til Danmark nesten kvar helg for å køyre løp. Der konkurrerer han med andre ungdommar mellom 10 og 16 år på 85 kubikks motorsyklar. Treningane

heime i Noreg føregår på speedwaybanen på Elgane, eller på ein bane på Hommersåk.

- Det er større miljø i Danmark, og difor er eg medlem i ein klubb der, fortel han. Kwart år er det VM, og Lars har delteke fleire gonger. Dette året var han derimot den einaste nordmannen som deltok i meisterskapen i Polen, uansett aldersklasse. Noko toppresultat blei det derimot ikkje.

Ikkje for pysene

- Det er kjekt å halda på med motor, og det er kjekt med høg fart. Eg har vore interessert i det heilt sidan eg var liten baby, trur eg, og har køyrt både firhjuling og crossar heime på grusveggar og på markene, fortel Lars. Han har vore med på fotball, men tykte det var keisamt. Speedway er meir heftig.

- Ein må vere sterk psykisk for å lukkast med det. Det går ikkje om ein er redd, dersom det ikkje er plass i svingen og ein må pressa seg forbi. Ein kan ikkje vera redd for å tryne, eller brette noko, seier han.

Lars har køyrt i gjerdet fleire gonger, men har hatt flaks og unngått dei store ulukkene. Han har forstua både foten og fingrane fleire gonger. No vil han satsa på sporten resten av livet, og har allereie mange sponsorar klare.

- Dei andre i klassen forstår ikkje heilt kva eg held på med, og har lite interesse for speedway. Men dei er litt misunte sidan eg stadig reiser til Danmark, avsluttar Lars.

Fakta om speedway

Speedway er ein motorsport der det blir konkurrert med spesielle motorsyklar på en rundbane der svingane ikkje er doserte. I Noreg finst det elleve klubbar som er organiserte i ein liga. Det vert og arrangert eit NM-stevne. Det er åtte spesialbygde speedwaybanar i Noreg, i tillegg til at det vert køyrt på travbanar (langbane).

Kjelde: Wikipedia

Nye tilsette



Namn: Morten Nord-Varhaug

Alder: 41 år.

Opprinneleg frå: Varhaug – bustad no: Hommersåk.

Tittel på Tryggheim: Lærer.

Underviser i/arbeidsoppgåver: Kontaktlærer 10. trinn. Faglærer i samfunnsfag og kristendom.

Favorittmat: Etiopisk.

Interesser: Fotball, bordtennis og ei god bok.

Oppteken av/brenn for (både som tilsett på Tryggheim og elles): At flest mogleg får møta Jesus som sin personlege frelsar.



Namn: Nina Hobberstad

Alder: 41 år.

Opprinneleg frå: Maudal i Gjesdal – bustad no: Roskliå på Nærbo.

Tittel på Tryggheim: Fagarbeidar.

Underviser i/arbeidsoppgåver: Støtte i ulike fag.

Favorittmat: Etiopisk.

Interesser: Bøker, samvær med kjekke folk.

Oppteken av/brenn for (både som tilsett på Tryggheim og elles): Som tilsett ved Tryggheim brenn eg for å gi elevar eit godt møte med skulen, og ein god kvardag på skulen. Eg brenn for elevar med ulike utfordringar. Elles vil eg seie som Øystein Sunde: Eg er oppteken av livet, døden og «dalstroka innanfor».

Der elevane blir sine eigne lærarar

Ein gong var læraren den einaste som kunne bidra med ny kunnskap, elevane var berre mottakarar av kunnskap, og dei viktigaste hjelpemidla var blyant, papir, tavle og krit. Den tida ser definitivt ut til å vera over på Tryggheim ungdomsskule.

Det er tysdag morgon, og elevane i 8A sit framfor kvar sin pc og løyser matematikkoppgåver. Verktøyet dei brukar heiter Kikora, og vert brukt i stadig fleire klasserom på skulen. Geir Lervik er ein av elevane som meiner slike program gjer det enklare å arbeida med skularbeid.

- Det er kjekkare å gjera det på data enn i boka. Eg får utfordringar på mitt nivå og svar med ein gong om eg gjer det rett eller gale. Eg kan halda på heilt til eg klarer det fordi eg får hjelp og hint undervegs. Viss eg skulle velja, vil eg helst ha alle matteleksene mine på data, seier han.

Smart læring

Situasjonen i klasse 8A er ikkje lenger uvanleg på Tryggheim ungdomsskule. Dei digitale verktøya er på full veg inn i undervisninga. Ein av lærarane som står heilt i front, er Ragnhild Fuglestad. Ho er no i ferd med å studera såkalla «smart læring» ved NTNU.

- Smart læring er å bruka den teknologien me har – maskinvare og programvare – og det me veit om læring, meistring og motivasjon til å læra betre. I mange tilfelle vil det å læra betre bety å læra meir, men like viktig er det å kunna læra noko godt, slik at ein kan bruka det ein lærer, seier ho.

«Vi skal dele, dele, dele du og jeg»

Ragnhild vart hekta på bruk av IKT i undervisninga etter å ha vore på IKT-kurs der ho hørte om både global læring og deling for læring.



Ragnhild Fuglestad



Kanskje blir lærar Jostein Husveg ein dag overflødig. Førebels arbeider han og Geir Lervik saman med digitale hjelpemiddel...

- Eg skjønna at dersom våre elevar skal gjera det godt i konkurransen om arbeidsplassane, må me gjera noko drastisk. Verda vil vera arbeidsmarknaden deira, og Google er cv-en. Verda er i endring, og då må skulen og måten me underviser på også endrast, seier ho.

Nøkkelen ligg i deling, slik at elevane lærer betre, og slik at dei vert vane med å påverka og bidra til samfunnet.

- Ingenting fungerer så godt til å læra betre som det å læra bort eller dela. Dessutan får elevar nytta godt av den kunnskapen med elevar sit inne med, understrekar Ragnhild.

Vil endra skulekvardagen

Ho er no i ferd med å endra undervisningsstil etter å ha fått augene opp for delingslæring og moglegheitene som ligg i digitale verktøy.

- Eg har ikkje berre endra bruken av digitale hjelpemiddel, men eg er i ferd med å setja elevane meir inn i undervisningssituasjon enn før, altså at dei må dela og presentera det dei lærer. Digitale hjelpemiddel er geniale med tanke på å dela kunnskap, arkivera arbeid og registrera resultat. Dei to siste har me brukt lenge, men det å dela kunnskap i stor skala og til medelevar er noko nytt i skulesamanheng.

Ragnhild peikar også på andre fordeler dei digitale verktøya tek med seg.

- Læraren kan betre registrera kva eleven får til, og slik ha oversikt over kva nivå eleven ligg på. Tilpassa opplæring er eit krav, digitale hjelpemiddel kan gjera dette meir mogleg. Dessutan: Noko av rettinga kan gjerast fortare.

Må over ein «terskel»

Naturlegvis finst det også ulemper ved dei digitale hjelpemidla.

- Elevane er ikkje sjølvdisiplinerte nok til å bruka pc og program til det læraren ber dei om. Dei er veldig raskt inne på andre ting, særleg når me brukar Facebook. Her trengst det trening og haldningsendring, seier Ragnhild.

Ei anna ulempe er at dei programma som er best, kan vera vanskelege å setja seg inn i. Mange kvir seg for dette, og tenkjer at ein kanskje brukar meir tid på det enn ein sparar.

- Eg veit at nokre også er redde for at med så mykje deling, vil nokre elevar dumma seg ut. Dette har eg sett lite til. Eg ser heller at elevar som tidlegare melde seg ut, no sitt krumbøygde over pc-ane og prøver å løysa oppgåva, anten med å finna ut korleis eit program eller ei teneste verkar, eller med å faktisk skriva teksten læraren har bede dei om å skriva.

Ansikt til ansikt først

- Finst det noko type undervisning der det ikkje går å nytta deling og digitale verktøy?

- Eg tenkjer litt motsett, og vil i utgangspunktet møta elevane mine ansikt til ansikt. Men viss eg ser at eit program, ein video, ein quiz, eit bilete eller instruksjon kan gjera det eg ville gjort, berre betre og meir effektivt, så brukar eg heller det. Og når eg ser at eg kan gi elevane ein grunn til å leggja seg i selen og at arbeidet deira får relevans gjennom blogging, så brukar eg gjerne det!

10-ÅRSJUBILANTANE



20-ÅRSJUBILANTANE

30-ÅRSJUBILANTANE



40-ÅRSJUBILANTANE



50-ÅRSJUBILANTANE



60-ÅRSJUBILANTANE



Lagarbeid



200 mil igjen å køyra... og hjula rullar vidare mot sør.

■ Av Bjørg Topnes
■ Foto: Syklistane, m.a. Dag Østereng, Lars Harbo og Hans-Ole Solheim

I vår fortalde Tryggheimhelsing om tolv karar frå Nærbo-området som planla å sykla Nordkapp - Lindesnes. No er turen vel gjennomført, og me har spurt to av deltakarane som no er elevar på Tryggheim, om resultatet.

Gildt å koma i mål

- Det gjekk mykje greiare enn eg hadde tenkt, seier Torbjørn Harbo i 3st. Det var rett og slett ei oppleving. Både fysisk og psykisk trudde eg det hadde vore tyngre. At me sykla ei heil gruppe i lag, hjelpte veldig. Broren Lars som går i første klasse på elektro, seier seg samd.

- Det var ein gild tur, og faktisk ikkje så hardt som forventa.

Kva var det kjekkaste? spør me.

- Det var gildt å koma i mål kvar dag, seier Torbjørn, og eg likte meistringskjensla når me jobba saman som eit lag.

- Det var jo eit høgdepunkt å koma til Lindesnes, meiner Lars. Der vart me møtt av familie og vener – og nei, bakendane blei ikkje såre, smiler dei begge.

Bridgebuilders

Sykkelturen vart gjennomført for å støtta Israelmisjonens prosjekt Bridgebuilders som arbeider for å forsona unge palestina-

rar, israelarar og nordmenn. Etter turen fekk syklistane møta desse på leirstaden Vaulali der dei var samla.

- Det var både interessant og skremmande å høyra korleis dei har det i Midt-Austen, og korleis konflikten øydelegg. Men så var det også vilt gildt å sjå at etter Brigdebuilders klarer dei å snakka saman og vera vener. Dette har tydeleg effekt, seier Torbjørn.

Innsamling

Mange lokale sponsorar bidrog til sjølve turen. Det var berre flyreisa nordover dei måtte betala sjølv. Men målet er å samla inn kr. 360.000 til Brigdebuilders, noko dei er godt i gang med.

- No har me runda godt og vel to hundre tusen, men innsamlinga pågår fram til nyttår. Blant anna har me vore i kyrkja på Bryne og fortalt frå turen. Det blir også temakvelder i kyrkja her og andre stader.

Oppleving for livet

- Me er både imponerte og sjokkerte over det me har fått til i lag. Me håpar det me har vore med på, kan vera eit førebilete for andre til å visa at det går an å byggja fred, seier Torbjørn.

- Det var ein sosial tur, gilde folk og ei oppleving for livet, oppsummerer Lars. Begge er bitne av sykkelbasillen og trenar framleis. Men ein ny landet-på-langs-tur blir det nok ikkje med det aller første.



Nordlyskatedralen er eit landemerke verdtt å la seg fotografera ved.



Syklistane har nådd Trondheim og Nidarosdomen.

Tryggheimkalender

OKTOBER

Man. 6. – fre. 10. Høstferie
Tors. 16. – søn. 19. Personaltur til Roma
Ons. 29. – fre. 31. Samling på Tryggheim for ansatte ved NLMs ti videregående skoler
Fre. 30. Operasjon misjonsprosjekt

NOVEMBER

4. – 16. Møteuker
Lør. 8. Temadag for elever og foreldre, rus-sebasar
Man. 24. Åpen dag
Fre. 28. Nattcup, russen

TRYGGHEIMHELSING

Redaksjonskomité:
Kjartan Håland (redaktør)
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
Knut Handeland
Bjørn Topnes
Knut Reier Indrebø (ungdomsskolen)
e-postadresse: post@tryggheim.no
Telefon: 51 79 80 11
Kasserer: Aud Bodil Voll
Bladet koster kr 100,- pr år.
Kontonr.: 3000.23.29626
Trykk: Lura trykkeri AS
Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

Visste du at...



Ingvild Fossen (HS/HP 02-05) og **Håkon Grepperud** giftet seg 7. januar
Tone Iren Reime (HS/PB 98-01) og **Mats Dørheim** giftet seg 25. mai
Anna Fjell (HS 07-08) og **Einar Agnalt** giftet seg 21. juni
Miriam Hope (HO/PB 10-13) og **Børge Sommersest** giftet seg 21. juni
Kathrine Siewartz Dahl (HE/PB 10-12) og **André Skåland** (BA/PB 09-12) giftet seg 28. juni.
Helene Wold (HS/PB 08-11) og **Ulf Rudningen** giftet seg 4. juli.
Hanna Otto (AF 04-07) og **Dagfinn Tredal** giftet seg 5. juli.
Solveig Tonstad (HS/BU 07-09 og miljøarbeider 11-12) og **Leif Ørjan Thingbø** giftet seg 26. juli.
Hilde Gyland (HS/PB 08-11) og **Peter Reilstad** (BA/PB 08-11) giftet seg 2. august.
Margrethe Elisabeth Storhaug (ST 10-13) og **David Berge** (BA/PB 10-13) giftet seg 2. august.
Rebekka Auestad (HS/PB 07-10) og **Jakob Gabriel Bø** giftet seg 9. august.
Silja Helene Meling (ST 10-12) og **Michael Kristoffersen** giftet seg 9. august.
Nathalie Skåland (HS/PB 08-11) og **Ole Andreas Finstad** (BA/PB 08-11) giftet seg 16. august.
Rannveig Obrestad (AF 01-04) og **Sindre Tjøstheim** giftet seg 16. august.
Solveig Frøvik (HS/PB 05-08) og **Hans Eirik Bø** (EL/PB 05-08) giftet seg 16. august
Ingunn Kjetilstad (AF 99-02) og **Albrigt Stokka** giftet seg 30. august.

Kirsten og Øyvind Kvitvær Leidland (AF 01-04 og 02-05) reiste i september i år med sine tre barn til Honduras der de skal arbeide som hhv. miljøterapeut og lærer på et barnehjem og en skole i ett til to år – uten lønn!

Knut Martin Breivik (EL 10-11) ble norgesmester i elektro fag under sommerens elektromesse Eliaden. Nå skal han videre til EM i Frankrike i oktober, og i august neste år blir det Yrkes-VM i Sao Paulo i Brasil!

Vi gratulerer og ønsker alle lykke til! Fortsett å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til aaanestad@tryggheim.no, SMS til 906 52 360 (Kjartan H.), eller ring eller skriv til skolen.



Torbjørn og Lars har nådd Lindesnes! 2518 km fra Nordkapp, ifølge skilta.



Filip Berge og Lars Harbo i fint driv.



Heile turen gjekk i strålende ver. Lars tek sjølvi. Oddmund Gravdal framme i kvit hjelm.

Nye medarbeidere – Tryggheim videregående skole



Sigrun Bakke Arnesen

gikk gjennom oppveksten som misjonærbarn på Madagaskar og prestebarn i Norge. Nå bor hun på Varhaug

- 49 år.
- Hun er lærer i norsk.
- Får hun velge matrett blir det komle.
- Hun interesserer seg for familie og venner, lesing, fotturer, misjon, håndarbeid, musikk og baking.
- Hun er opptatt av å gjøre Jesus kjent for både små og store.



Henrik Foss

trådte sine barnesko i Lyngdal, men bor i dag på Tjelta i Sola kommune.

- Han har nådd 26 år.
- Han er lærer i norsk.
- Favorittmaten er pinnekjøtt.
- Han er begeistret for revy, tekst og foto.
- Han er opptatt av en positiv lærer-elev-relasjon.



John Gravdal

kommer opprinnelig fra Vigrestad, men er nå bosatt på Nærbø.

- Han er 38 somre.
- Han er lærer og skal skolere ungdommen i engelsk og matematikk.
- I matveien liker han det meste, men er ekstra glad i sterk mat.
- Han interesserer seg for musikk, laksefiske og rengysyking.
- Han er opptatt av kreativitet og engasjement.



Tårn Helge Helgøy

kommer fra Nessa i Hjelmeland og bor for tiden på Nærbø.

- Han er 28 år.
- Han er fritidsleder med tett kontakt med elevene etter skoletid. I tillegg underviser han i kristendom.
- Han mener seg lite kreativ i matveien og går for pizza som beste mat.
- Han interesserer seg for «hvordan» -og « hvorfor» -teologi, apologetikk, evangelisering og filosofi.

lisering og filosofi.

- Han er opptatt av at man skal vite hva man tror, og hvorfor man tror det.



Esperanza Idland

kommer opprinnelig fra Ecuador, men er nå bosatt på Lye.

- Hun er 38 år.
- Hun arbeider som kjøkken-assistent på Tryggheim.
- Hun sier «ja takk» til komle.
- Hun er opptatt av diakonalt arbeid, ønsker god kontakt med folk og plukker opp ny lærdom underveis.



Henrik Kjellingland

er emigrert svenske fra Stockholm og til vanlig ukependler mellom familien i Kristiansand og arbeidsplassen på Tryggheim.

- Han er 43 år.
- Han er lærer i engelsk.
- Han er glad i koft torsk med gulrotstuing og bacon – generelt er han svak for norsk kokekunst og matkultur.
- Han interesserer seg for kona, britisk film og litteratur samt populærteologi.
- Han er generelt opptatt av temaer som ytringsfrihet og dannelse, og spesifikt opptatt av verdspørsmål og pedagogisk utviklingsarbeid.



Anne Randi Malde

er oppvokst på gård på bondelandet i byen – altså Madla. For tiden bosatt på Nærbø.

- Hun er 20 år.
- Hun er en av skolens tre miljøarbeidere som skal bidra til å skape en god hverdag for elevene etter skoletid.
- Hun spiser gjerne risengrøt og mat som heller mot Mexico.
- Hun er glad i fotball og andre idrettsaktiviteter, i tillegg til å strikke og sy. Hun er nå stolt eier av flunkende ny symaskin.
- Hun er opptatt av at elevene skal trives på skolen, være pådriver for et godt, kristent felleskap og peke på at Jesus er med i både oppturer og nedturer.



Anne Kari Steinbru

kommer opprinnelig fra Kvilldal i Suldal. Bor nå på Nærbø.

- Hun er 55 år.
- Hun er hjelpekokke på kjøkkenet på Tryggheim.
- Svinekoteletter med rømme og hvitost er kokkas personlige favoritt.
- Hun er glad i fjellturer.



Hildegunn Strandberg

er oppvokst på Vikeså og bor nå på Kleppe.

- Hun er 34 år.
- Hun er lærer i hovedsakelig norsk, men underviser også i sosiologi og sosialantropologi.
- Hun er glad i lammefrikassé.
- Hun liker fjellturer, litteratur, kvalitets-tv og maling.
- Hun er opptatt av at ungdom skal være nysgjerrige, engasjerte og nå sitt potensiale.



Øyvind Økland

har bodd litt her og der – blant annet åtte år i Øst-Afrika og seks år i Bergen. For tiden bosatt på Nærbø.

- Han kan skryte på seg ungdommelige 20 år.
- Han er en av skolens tre miljøarbeidere som skal bidra til å skape en god hverdag for elevene etter skoletid.
- Han har sans for spenstig mat, for eksempel kokte bananer med kjøtt og grønnsaker – såkalt kokebananer.
- Han syns hockey er kjekt, i tillegg til fotball og andre aktiviteter. United er laget – nest etter Brann. Han er utadvendt og gleder seg til et godt, inkluderende felleskap med elevene.
- Han er opptatt av misjon, og spesielt Øst-Afrika/Tanzania hvor han vokste opp. På Tryggheim ønsker han at alle elever skal få like gode minner som han fikk da han selv var elev her.